

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.10.2021

Vår ref.: 202102468-3

Arkiv: 611

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Tor Carlsen

22959857/toc@nve.no

Dalekvam transformatorstasjon. Høring av konsesjonssøknad og invitasjon til folkemøte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Statnett SF, BKK Produksjon og BKK Nett for å byggje ny Dalekvam transformatorstasjon og å rive dagens stasjon på Dale. Anlegga ligg i Vaksdal kommune i Vestland fylke.

NVE ber om fråsegner til søknaden innan 14. november 2021.

Søknaden

Statnett, BKK Produksjon og BKK Nett søker om å byggje ein ny transformatorstasjon på Dalekvam i Vaksdal kommune i Vestland fylke. Dagens transformatorstasjon på Dale skal rivast. Dagens anlegg er gammalt og har ikkje kapasitet for den venta forbruksauken i området.

Elvevegen må flyttast nærare Dalelva og krysset Sandlivegen/Elvevegen må utbetrast for å kunne gjennomføre anleggsarbeida. Ein kai på Garnes i Bergen kommune må òg utvidast for å kunne transportere inn ny transformator. Statnett søker om eit deponi på Geitabotn og det vil bli naudsynt å bruke Elvevegen og Sandlivegen til anleggstrafikk i byggjeperioden. Ny transformatorstasjon vil bli noko større enn dagens stasjon, men vil gje frå seg mindre støy.

Statnett, BKK Produksjon AS og BKK Nett AS søker om konsesjon i medhald av energilova.

Statnett søker òg om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Statnett om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde. Grunn- og rettshavarar som ekspropriasjonssøknaden angår, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på www.nve.no/grunneierinfo.

Gjennom høring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE held offentlig møte onsdag 27. oktober kl. 19:00. Møtet finn stad i Turbinen på Dale. NVE vil orientere om handsaminga av søknaden. Statnett SF, BKK Produksjon og BKK Nett vil være representert og orientere om planane. Møtet er ope for alle.

Du finn søknaden på NVEs nettstad: www.nve.no/7580/A

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202102468 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegner må sendast til NVE **innan 14. november.**

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Tor Carlsen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Bergen og Hordaland Turlag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Fagrådet for Daleelva, v/John Dale
Fortidsminneforeningen i Hordaland
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Friluftsrådene Landsforbund v/Bergen og Omland Friluftsråd
MILJØDIREKTORATET
Natur og Ungdom
Natur og Ungdom Hordaland
Naturvernforbundet i Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norsk Ornitologisk Forening

